



Forskrift om farvassavgift, Hareid hamneregion, Hareid kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett av Hareid kommunestyre 14. mai 2020 med heimel i lov 21. juni 2019 nr. 70 om havner og farvann (havne- og farvannsloven) § 36 og § 53.

Kapittel 1. Alminnelege føresegner

§ 1-1. Heimel

Farvassavgifta er fastsett av Hareid kommune i medhald av § 36 og § 53 i lov 21. juni 2019 nr. 70 om havner og farvann (havne- og farvannsloven).

§ 1-2. Forretningsvilkår og prisliste for farvassavgift

Betalingsatsar vert fastsett av kommunestyret i Hareid kommune. Desse vert rullert årleg. Vedlagt forretningsvilkår og prisliste med satsar for anløp i Hareid hamnedistrikt er til ei kvar tid gjeldande.

§ 1-3. Formål

Farvassavgifta skal dekke kommunens kostnadars ved utøving av offentleg mynde med heimel i lov 21. juni 2019 nr. 70 om havner og farvann (havne- og farvannsloven) med tilhøyrande forskrifter, samt kostnadars for å legge til rette for sikkerheit og framkome i Hareid kommune sitt sjøområde.

§ 1-4. Avgiftsområdet – kommunens sjøområde for HH

Avgiftsområdet for Hareid hamneregion er Hareid kommune sine grenser i sjø, fastlagt i forskrift 11. desember 2019 nr. 1834 om farleder (farledsforskriften). Dette i medhald av § 3 bokstav f og § 7 i lov om havner og farvann.

§ 1-5. Opplysningsplikt

Reiar, eigar og operatør av fartøy som anløper hamnedistriket har opplysningsplikt ovanfor hamna. Denne opplysningsplikta er heimla i forskrift 11. desember 2019 nr. 1836 om opplysningsplikt for transportplanlegging.

§ 1-6. Betalingsplikt

Fartøyets eigar, rederi, og agent svarar solidarisk for farvassavgifta jf. hamne- og farvasslova § 40.

§ 1-7. Innkrevjing av farvassavgift

Farvassavgifta krevjast opp innanfor avgiftsområdet og gjeld for bruk av farvatnet. Oppkrevjing og utrekning skal vere i samsvar med denne forskriften.

§ 1-8. Ikraftsetjing, oppheving

Forskrift om farvassavgift for Hareid hamneregion trer i kraft så snart den er vedteke. Frå same tidspunkt opphevast kommunen si forskrift 12. desember 2019 nr. 2125 om anløpsavgift for Hareid hamneregion, Hareid kommune, Møre og Romsdal. Forskrifta er vedteken av Hareid kommunestyre 14. mai 2020.

Kapittel 2. Farvassavgift

§ 2-1. Utrekningsgrunnlag for farvassavgift

Farvassavgifta reknast ut etter fartøyets bruttotonnasje (BT) i samsvar med Den internasjonale konvensjon om måling av fartøy av 23. juni 1969 nr. 1.

For fartøy med største lengde over 15 meter som ikkje er målt eller har gyldig målebrev fastsett hamnemyndigheita fartøyets tonnasje etter skjønn.

§ 2-2. Farvassavgifta betalast etter fylgjande kriterium

Farvassavgifta leggast pr. anløp i avgiftsområdet. Ved gjentekne anløp innanfor eit og same døgn, leggast avgifta berre ein gong pr. døgn (kalenderdøgn). Fergjer og hurtigbåtar i fast rute innrømmast 10 % rabatt på oppførte satsar over minstepris for farvassavgift.

Det skiljast mellom fartøy i stadig fart og fartøy lagt bort. I tillegg kan det oppkrevjast kaiavgift dersom dei ligg ved offentleg kai.

Fiskefartøy med største lengde over 15 meter, betalar farvassavgift i medhald av dei satsar som er nemnde under punktet om farvassavgift i prislista. Det betalast likevel ikkje avgift for meir enn 6 anløp i kalendermånaden.

§ 2-3. Fritatt for farvassavgift er

- Fartøy som passerer gjennom avgiftsområdet utan å anløpe hamna.
- Orløgsfartøy, så vel norske som utanlandske.
- Kystverkets fartøy i forbindelse med arbeid i farvatnet.
- Alle fartøy med største lengde under 15 meter.
- Hareid kommune sin beredskapsbåt.

§ 2-4. Miljørabatt farvassavgift

Fartøy som er registrert med en ESI-index (Environmental Ship Index) frå WPCI (World Port Climate Initiative) innvilgast ein rabatt i farvassavgifta på 30 % dersom ESI-index er 50 poeng eller høgare. Rabatten utreknaast av betalbar avgift, og eventuelle linjerabattar gis i tillegg til iht. punkt 2.3. Rabatten gis inannfor ESI-sertifikatets gyldigheitsperiode og der ESI-registreringa er meldt på forhand til hamna.

Vedlegg – Forretningsvilkår og prisliste til forskrift om farvassavgift

